



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 12.05.2026
Tid: Kl. 14:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Rakel Alvestad	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
Sigmund Alvestad	KRF
Egil Magne Våge	SP
Osmund Våga	SP
Lene Ognøy Foss	U
Svein Ove Alvestad	U

Andre som møtte

Grethe Heimvik
Ingeborg Skjølingstad
Lillian Grønnestad
Michael Gräfe

Stilling

Kommunalsjef Helse og omsorg
Kommunedirektør
Kommunalsjef økonomi og administrasjon
Kommunalsjef teknisk

Merknader til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Osmund Våga og Rakel Alvestad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
043/26	Godkjenning av innkalling	
044/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll	
045/26	Hovudplan VA - Bokn kommune	Ikkje offentleg
046/26	Samlesak for referatsaker	
046/26.1	Til info - Eigarrapport 2026 - 1 frå Ferde AS, til kommunane i bomregionen	
046/26.2	Uttalelse fra oppretter, endringer i vedtekter, Tveit Vidaregåande Skule STI	
046/26.15	Referatsak fra Haugaland vannområdeutvalg til møte i formannskapet i Bokn kommune	
047/26	Samlesak for orienteringsaker	
047/26.1	Beredskapsplan for psykososialt kriseteam	
048/26	Samlesak for høyringar	
048/26.1	26/1207-1 Høring - Forslag til endringer i valgloven	
048/26.2	Forenklet revisjon av prioriteringsveilederne i spesialisthelsetjenesten (33) - høring	
048/26.3	Fysisk aktivitet i forebygging og behandling – råd om samtaler om fysisk aktivitet og om fysisk aktivitet ved rusavhengighet og skadelig bruk av rusmidler	
048/26.4	Høring - Forskrift om rett til økonomisk stønad og kvalifiseringsstønad under korte utenlandsopphold	
048/26.5	Høring - forslag til endring i fastlegeforskriften § 12 (3) om aldersgrense for opphør av fastlegeavtalen	
048/26.6	Høring - Forslag til endringer i reglene om søknad og dokumentasjon i byggesaker [Sak ID# 43147]	
048/26.7	Høring - forslag til endringer i skiltforskriften for å kunne gjennomføre piloter	
048/26.8	Høring - forslag til reviderte kriterier for innhold i Referanse katalogen for e-helse	
048/26.9	Høring - Hørselsutredning, utprøving og tildeling av høreapparat Forslag til endringer i forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling hos lege og forskrift om stønad til høreapparat og tinnitusmaskerer	
048/26.10	Høring - uttalelse av frist for merking etter luftfartshindersforskriften	
048/26.11	Høring – forskrift om forsøk med ytelsen aktivitetspenger for unge (forsøket Et enklere Nav)	
048/26.12	Høring av planprogram for kommunedelplan for natur og miljø	
048/26.13	Høringsbrev - offentlig høring av NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge	
048/26.14	Til uttale - Frivillig vern av skog i Rogaland - Djupalia - Riskadalsvatnet - verneprosess 2026	
049/26	Eventuelt og spørsmål	
050/26	Kjøp av eigedom - Føresvik 9/172	Ikkje offentleg
051/26	Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - Gulldalen AS	Ikkje offentleg
052/26	Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - Nils Magne og Sandra Tollaksvik	Ikkje offentleg

Sak nr.
053/26

Sakstittel
Søknad om støtte frå næringsfondet - Amalie Nilsen

Ikkje offentleg

043/26 Godkjenning av innkalling

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 043/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

044/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 044/26 Vedtak

Møteprotokollen vart godkjend. Osmund Våga og Rakel Alvestad vart valde til å signere protokollen.

045/26 Hovudplan VA - Bokn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

12.05.2026 Formannskapet

FS - 045/26 Vedtak

046/26 Samlesak for referatsaker

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 046/26 Vedtak

Formannskapet tek referatsakene til orientering.

047/26 Samlesak for orienteringsaker

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 047/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

048/26 Samlesak for høyringar

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 048/26 Vedtak

Formannskapet tek høyringssakene til orientering.

049/26 Eventuelt og spørsmål

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) har sendt inn 3 spørsmål til eventuelt og spørsmål:

- **Ungt Entreprenørskap.**

Hvorfor deltok ikke Bokn skule på arrangementet til Ungt Entreprenørskap i år? Har kommunen eller skulen gjort en vurdering av dette, og hvilke tiltak vil eventuelt bli gjort for å sikre deltakelse neste år?

- **Demokratiwerkstedet på Utøya.**

Vil oppfordre skolen /kommunen å sjekke ut tilbud om 3 - dagerssamling på Utøya.

3-DAGERSSAMLING

Tredagerssamlinger er et samarbeidsprosjekt mellom Det Europeiske Wergelandsenteret, Utøya, 22. juli-senteret og Raftostiftelsen. Dette læringstilbudet er gratis, der arrangørene dekker reise og opphold. Elever og lærere fra ulike ungdomsskoler fra hele landet tilbringer tre innholdsrike og unike dager på Utøya sammen. Her får de nye verktøy innen demokrati og medborgerskap, og skal videreformidle det til andre på skolen deres gjennom elevstyrte aktiviteter i etterkant. Hver skole deltar med 3 elever og 1 lærer. Gjennom omvisning på øya blir ungdommene kjent med

terrorangrepet 22. juli og Utøyas historie som et sted for ungdomsengasjement. Etter omvisningen trekker vi linjer fra 22. juli til temaer som hatprat, demokratisk kultur og ungdommenes påvirkning gjennom deltakersentrerte øvelser. Opplegget er forankret i læreplanen. Dette er tre dager vi skal minnes, lære og engasjere oss.

- **Administrasjonsutvalg-**

Registrerer at møte den 12. mai er avlyst. Har Administrasjonsutvalget blitt konstituert, og når skjedde evt dette?

Dette er et spørsmål jeg tidligere har tatt opp.

§ 5-11. Partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg)

I alle kommuner og fylkeskommuner skal det opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg) for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de ansatte og kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver. Hvis minst 3/4 av de ansatte ønsker det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.

Partssammensatte utvalg settes sammen av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og for de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen.

Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.

Kommunedirektøren har ikkje fått sett på spørsmåla før møtet, og spørsmåla blir svart ut skriftleg og lagt ved protokollen.

Egil Magne Våge (Sp) har følgjande spørsmål og orientering:

- Spørsmål carport og terrasse
- Flyplass og karmsund havn

Kommunalsjef teknisk informerte om status carport og og terrasse.

Egil Magne Våge (Sp) informerte om Flyplass - Haugaland Vekst og at ordførarane støtter vidare forhandlingar om kjøp om det lar seg gjere. Saka er ikkje vedtatt.

Lene Ognøy Foss (Uavhengig)

- Stiller spørsmål om Arsvågen og framdrift der. Skal ein gå breiare ut for å få framdrift i saka er det aktuelt å få med nokon frå Port 5561. Ho lurar på om det er fleire enn Karmsund Havn som har vore med i prosessen/forespurt inn i prosessen no? Kostnadsspørsmål er viktig her då Bokn kommune ikkje har midler til å utvikle sjølv.
- Avholdt møte i 8.klasse med vår politikontakt - kommunikasjonen om formål med møtet var sviktande ut til foreldre og barn. Det er viktig for at ein skal få til eit samarbeid. Ho ønskjer betre kommunikasjon mellom partane.

Ordførar svarte ut spørsmålet med informasjon om at Karmsund Havn er interessert. Dei skulle ansette ein utviklar men er ikkje kome vidare i prosessen. Ein har heller ikkje sett på korleis ein skal jobbe vidare mot andre intressenter. Ein ventar på tilbakemelding frå Karmsund Havn.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) lurar på om ein låser seg mot Karmsund Havn. Ordførar svarer at det gjer ein på ein måte, men dei er ein stor aktør med interesse for området.

Lene Ognøy Foss (Uavhengig) påpeikte at vedtaket seier at ein skal ut til fleire aktørar.

Osmund Våga (Sp) stiller spørsmål om arbeidsgruppa kan legge fram kva dei har gjort slik at Formannskapet kan ta det opp i eit seinare møte.

Svein Ove Alvestad (Uavhengig) peiker på at Karmsund havn må vere med, men det er viktig å sjå om andre aktørar kan vere aktuelle.

Rakel Alvestad (Ap) stilte spørsmål om vegen vidare om politisk behandling av E39 og i kommuneplanutvalet. Tenkjer her på innhabetsspørsmål.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) stilte spørsmål om det blir likt som når ein møtes i Formannskapet og ein må melde seg innhåil.

Kommunedirektøren informerte om korleis ein kan legge opp arbeidet med saka.

Lene Ognøy Foss (Uavhengig) ytra ønske om at møtet blir streama på Teams slik at ho kan lytte til.

Osmund Våga (Sp) meiner ein må setja av pengar til å forbetre fotballbanen på austre bokn før sommaren. Kommunalsjef teknisk informerte om at ein har ein konsulent som søker om tiltaket, men ein veit ikkje kor langt søknaden er komen.

FS - 049/26 Vedtak

050/26 Kjøp av eigedom - Føresvik 9/172

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 050/26 Vedtak

051/26 Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - Gulldalen AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn formannskap innvilgar kr 25 000 i tilskot frå kommunalt næringsfond til Gulldalen AS.

Vilkår:

- Tilskotet skal nyttast i samsvar med opplysningane i søknaden.
- Utbetaling skjer etter framlegging av dokumentasjon på gjennomførte investeringar.
- Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet skal meldast kommunen.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

Rannveig Foss Øverbø (Ap) sa seg innhåil i saka då hennar dotter er sambuar med sønn til stiftar av selskapet.

Formannskapet er samde i Rannveig Foss Øvrebø sin innhabilitet. Det er ikkje kalla inn vara, og Rannveig Foss Øvrebø trådde frå møtet.

6 voterande

Avrøysting:

Formannskapet vedtok samrøystes å ikkje gi tilskot og å sende saka tilbake til administrasjonen for nærare utgreiing før ny behandling.

FS - 051/26 Vedtak

Formannskapet vedtek samrøystes å ikkje gi næringsstøtte frå Næringsfondet til Gulldalen AS og sende den i retur til administrasjonen for nærare utgreiing før ny behandling.

052/26 Søknad om støtte frå Bokn Næringsfond - Nils Magne og Sandra Tollaksvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klagen frå Nils Magne Tollaksvik blir ikkje teken til følgje.

Vedtak gjort av formannskapet 17.03.2026 om avslag på søknad om støtte frå kommunalt næringsfond blir oppretthalde.

Saka vert sendt kommunestyret for endeleg behandling.

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

Klagen tas til følge, foreslått av Osmund Våga, Senterpartiet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn formannskap tildeler kr 50 000 i investeringstilskot til Nils Magne og Sandra Tollaksvik

Tilskotet vert utbetalt når søkjar har levert inn dokumentasjon på reelle investeringsutgifter som minst svarar til det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250

Kommunedirektørern orientere i saka og opplyste at to andre søkjarar som tidlegare har fått avslag også klaga. Av den grunn har kommunedirektøren innstilt på avslag i tråd med det tidlegare vedtaket som er gjort.

Avrøysting:

Det vert røysta alternativt over Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og endringsforslag fremma av Osmund Våga (Sp).

4 røyster for Osmund Våga (Sp) sitt endringsforslag

3 røyster for Kommunedirektøren sitt framlegg: Svein Ove Alvestad (Uavhengig), Lene Ognøy Foss (Uavhengig) og Rakel Alvestad (Sp).

Kommunedirektøren sitt framlegg falt og Osmund Våga sitt endringsforslag vert vedtatt med 4 mot 3 røyster.

FS - 052/26 Vedtak

Formannskapet vedtek med 4 mot 3 røyster

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn formannskap tildeler kr 50 000 i investeringstilskot til Nils Magne og Sandra Tollaksvik

Tilskotet vert utbetalt når søkjar har levert inn dokumentasjon på reelle investeringsutgifter som minst svarar til det dobbelte av tilskotsbeløpet.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250

053/26 Søkna om støtte frå næringsfondet - Amalie Nilsen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn formannskap innvilgar kr 21 930 i tilskot frå kommunalt næringsfond til Amalie Nilsen (ENK), til bruk for oppstartskostnader og investering i kursutstyr.

Vilkår:

- Tilskotet skal nyttast i samsvar med opplysningane i søknaden.
- Utbetaling skjer etter framlegging av dokumentasjon på gjennomførte investeringar.
- Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet skal meldast kommunen.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 053/26 Vedtak

Formannskapet vedtek samrøystes

Bokn formannskap innvilgar kr 21 930 i tilskot frå kommunalt næringsfond til Amalie Nilsen (ENK), til bruk for oppstartskostnader og investering i kursutstyr.

Vilkår:

- Tilskotet skal nyttast i samsvar med opplysningane i søknaden.
- Utbetaling skjer etter framlegging av dokumentasjon på gjennomførte investeringar.
- Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet skal meldast kommunen.

Tildelinga vert tatt frå disposisjonsfondet "næringsfond" og beløpet vert budsjettregulert på 1471 120 3250.